



# DEN NORSKE KYRKJA

## Agder og Telemark bispedømmeråd

Det Kongelige Kultur- og Kirkedepartement  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

dek - 25

Kultur- og kirkedep.	
KI	
Saksnr. 200603145	Dato 10/10/06
Kode KI-544	Beh.....

Dato: 29.09.2006

Vår ref: 05/129-35 SOD

Dykkar ref:

### Forslag til endringer i tjenesteordning for biskoper- høring

Agder og Telemark bispedømmeråd har gått gjennom og takkar for det grundige arbeidet som ligg i Kultur- og kirkedepartementet sitt høyringsnotat med framlegg til ny tenesteordning for biskop. Gode og forståelege resonnement er ført for dei endringane som er føreslått.

Bispedømmerådet vil særleg uttala seg om det viktige saksområdet som går på delegasjon. Vi støttar hovudtankane i Departementet sine generelle merknader:

- At **intern** delegasjon frå biskop til stiftsdirektør i utgangspunktet ikkje treng eigen hjemmel, men at det på enkelte punkt likevel vert gjort av pedagogiske omsyn (§ 2). Det må vera svært fornuftig at slik delegasjon er eit ope høve ut frå kontekst og at det er forsvarleg sakshandsaming som er kriteriet.
- At **ekstern** delegasjon frå biskop til prost krev eigen hjemmel i tenesteordninga og at dette er gjort (§ 14)
- At saker som gjeld biskopen sin tilsynsmyndighet ikkje kan delegerast til prosten.
- At bare biskopar – og ikkje domprost - kan vigsla prestar, og at det er lagt opp gode ordningar for dette – i tråd med vedtak i Bispemøtet og Porvoo-avtalen (§ 8 og 14)

Den konkrete utmyntinga av dette i tenesteordninga har på ein god måte makta å skjelna mellom biskopen som **person**, biskopen som **embete** og biskopen som (administrativt) **forvaltningsorgan**. Tenesteordninga er også inndelt på ein pedagogisk ryddig måte gjennom overskriftene "Biskopens ansvar og myndighet / Biskopens tjenestefunksjoner / Biskopens tjenestevilkår."

Merknader til enkelte paragrafar:

§ 2. Den nye formuleringa om at Biskopen er forplikta på mål og strategi for DNK, gjer at paragrafen i sak vert vidtfemnande (leiar for prestenesta, samordning, forplikta på mål). Siste del om delegasjon til stiftsdirektøren vert dermed uklar i tolkning. Kva går "denne bestemmelsen" på.

Forpliktinga på mål og strategi er både ei viktig og krevjande formulering med tanke på tilhøvet mellom embete og råd.


§ 7. Visitas i "sokn / prestegjeld". Det vil vera klokt å halda på denne formuleringa, også ved revisjon av visitasreglementet. Enkelte stader vil ordet "prestegjeld" vera eit godt uttrykk for utvikla og godt samarbeid mellom sokna på lokalplan, kanskje også med felles visitas og presteteneste som viktigaste lim i samarbeidet. Så får visitasreglementet i neste omgang vurderer opning for visitas i større samarbeidsområde / prosti – utan at formuleringa i tenesteordninga eventuelt er til hinder for det.


§ 8. Unødvendig tungt "kansellispråk" i første del ("etter i samtale å ha funnet kandidatene skikket...") Kunne med fordel ha vore formulert i 2 eller 3 hovudsetningar.

Merknaden til § 10 viser til evalueringsnemnda? Dette verkar underleg i lys av dei klare ordningane i sjølve paragrafen.

### **Konklusjon:**

Agder og Telemark bispedømmeråd sluttar seg i hovudsak til forslaget til ny tenesteordning for biskop. Forslaget har nødvendig kontinuitet med nåverande ordning og logisk tilpassing til nye strukturar både i presteskapet og på bispedømmekontoret. Det gjev samsvar og indre samanheng i prestelinja og legg til rette for god regulering av tilhøvet mellom embete og råd. Det sikrar biskopen sin vitale funksjon på ein måte som både er fast nok og fleksibel nok til å finna gode ordningar i bispedømmet, med fornuftig bruk av delegasjon som tek høgde både for biskopens person og den konkrete organiseringa i det enkelte bispedømme.

Med helsing  
  
Tormod Stene Hansen  
Stiftsdirektør

  
Stein Ødegård  
avdelingsleiar  
Direkte innval: 38105138